



NYTT UNDER STOREN 1-19

Internavis for Luster kommune

Gode medarbeidar.

«Greie rekneskapstal i Luster kommune for 2018 og full fart i 2019.....»

Rekneskapsarbeidet for 2018 er avslutta og heldigvis utan dei store overraskingane. Nokre fåe millionar på plussida er ei enkel oppsummering. Som eg gjerne har skreive tidlegare så er det ikkje så lett å lese og forklare rekneskapet til Luster kommune. Det er både «børs og katedral» eller med nokre andre ord både «spekulasjon og hardt arbeid.»

Litt spekulasjon fordi me har plassert økonomiske reservar i aksjefond og fordi me prøver å tene pengar på kraftbørsen i takt med straumprisen. I 2018 var det gode tider på kraftbørsen, godt for kommuneøkonomien og dårleg for privatøkonomien. På børsen med aksjefond så gjekk det imidlertid svært dårleg med minusresultat. I næringslivet vårt er det stor tiltakslust noko som er positivt sjølv om store utlån gir eit netto dårlegare driftsresultat for kommunen. Skatt, rammetilskot og andre statstilskot har og gitt meirinntekter slik at inntektssida går ut i grei pluss.

Det viktigaste er gjerne likevel at drifta går som planlagt og at me der greier å holde rammene eller aller helst drive litt betre enn budsjettet. Og det har stort sett gått bra, den ordinære drifta er i godt samsvar med budsjettet.

Mykje godt arbeid er gjort for å yte best mogeleg tenester innan dei budsjetttrammene som er vedtekne.

Utover slik oppsummering så ligg det til rådmann å ta med ein setning om at det økonomiske resultatet gjerne skulle vore litt betre; litt betre med tanke på dei store inntektene me har, litt betre for å greie ambisjonane som ligg i økonomiplan med store investeringar og litt betre for å innfri dei måltala som vert nytta for sunn og god kommuneøkonomi.

Me har likevel eit bra utgangspunkt og arbeidet i 2019 er i godt gjenge med dagleg drift, forvaltning og ikkje minst utviklingsarbeid.

Me kan ikkje slå av på utviklings- endrings- og digitaliserings-arbeidet. Om me likar det eller ei så er dette kvardagen i kommunenorge. Me er bra med, men det kan gjerast meir. Me har derfor ekstra fokus på dette som oppfølging av den organisasjonsutviklings-prosessen som me arbeidde med i mykje av 2018. Rådmann har no plukka ut 10 sentrale fokusområde: vidare organisasjonsutvikling av stabane; sørviss/driftsstøtte og plan/ utvikling, satsing på IKT og digitalisering i mange ledd, betre informasjon og kommunikasjon, god utnytting av Framsikt-verktøyet, fornying/revisjon av reglement og rutinar, gjennomgang ev endring av byggforvaltninga, drøfting av dei interkommunale ordningane framover, evaluering omsorgstenestene og eit krafttak i planarbeidet.

Mange spennande og utfordrande arbeidsoppgåver med mål om endå betre tenester og meir effektiv forvaltning ligg i løypa.

Eg ynskjer oss lykke til med desse.

Jan Erik Skarv
Rådmann



Mary Karin Sagerøy-takkar av som tilsett og hovudtillitsvald i fagforbundet



Mary Karin starta i full stilling som hjelpepleierar på Hafslo Aldersheim i 1976. Aldersheimen var eigd av kyrkjelyden i gamle Hafslo kommune inntil Luster kommunen tok over i 1985. Ho fortel om godt samhald og stor variasjon i arbeidsoppgåvene. Ho var med på flyttinga til nye Hafslo omsorgssenter hausten 1988 og hugsar den store «flyttehelga» godt. Mary Karin har hatt ulike tillitsverv i tidlegare Kommuneforbundet og seinare Fagforbundet sidan 1978. Frå starten av 2014 var ho hovudtillitsvald ca ein dag i veka. Frå august 2014 har ho vore hovudtillitsvald for Fagforbundet på fulltid. Som fylgje av rollen som hovudtillitsvald er ho og medlem i Arbeidsmiljøutvalet, Administrasjonsutvalet og tilsetjingsutvalet. Rettferd, respekt og lojalitet har vore dei viktigaste rettesnorene for henne både i arbeid og som tillitsvald. Utdanning, yrkesbakgrunn, erfaring og innsikt i omsorgstenesta har vore godt å ta med seg inn i vervet som hovudtillitsvald. Arbeidet som hovudtillitsvald er prega av både små og store saker. Det var ekstra kjekt å vere med på den store prosessen med omorganiseringa av omsorgstenesta og innføring av årsturnus i Luster kommune.

I løpet av mars 2019 blir Mary Karin pensjonist. Då kan ho bruke si virkelyst, erfaring og kunnskap på andre arena. Me ynskjer lykke til vidare!

PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),
perioden 01.01.2019 - 28.02.2019

Velkomen!

Teknisk drift

Gisle Haugen – vaktmeistar

Luster omsorgssenter

Marion Fosse Nummedal – sjukepleiar

Ingeborg Tjønn - sjukepleiar

Trine Kvamme Sætherbø – sjukepleiar

Linda Goldman – heimehjelp

Lidija Radojkovic- helsefagarbeidar

May Iren Fossheim Tvedt – helsefagarbeidar

Gaupne omsorgssenter

Pauline Flattum Lilleeng - assistent

Grethe Kristin Leirdal – sjukepleiar

Grandmo

Rune Helle - leiar

Turid Ylvisåker – miljøterapeut

Audhild Kalstad – assistent

Øystein Myklemyr – miljøterapeut

Frank Optun Smedegård – assistent

Eirik Hillestad - assistent

Bjørn Orrestad - assistent

Takk for innsatsen!

Grandmo:

Marita Kveane - miljøterapeut

Åse Yttri – heimehjelp

Luster omsorgssenter:

Alice Solvoll Skare – hjelpepleiar

Hafslo omsorgssenter:

Jorunn Skjerven – heimehjelp

Gaupne omsorgssenter:

Aud Marie Thomassen – hjelpepleiar

Margrete Kvåle Skjerven – heimehjelp

Hafslo barn- og ungdomsskule

Solveig Høyheim – lærar

Økonomi:

Berit Øyen – konsulent

Landbruk og naturforvaltning:

Marianne Bugge – rådgjevar

Plan:

Ole Morten Mjelstad – ingeniør oppmåling

Teknisk drift

Edvin Sønnesyn - vaktmeistar



Informasjon

Medarbeidarundersøking 2019

Medarbeidarundersøking 2019 – **viktig å delta!**

I løpet av mars er planen å gjennomføre ny medarbeidarundersøking. Undersøkinga er lik på og blir gjennomført på same måte som i 2017.

Føremålet er å få fram tilsette sitt syn på arbeidstilhøva, arbeidsmiljøet og sin rolle i organisasjonen og tenesteproduksjonen.

Resultata gir viktig informasjon som me i lag skal bruke for å vidareutvikle gode arbeidsforhold og gode kommunale tenester.

Ved undersøkinga i 2017 var den samla svarprosenten på 72%, men med store variasjonar. Me ynskjer enno betre svarprosent no.

Difor er det viktig at akkurat DU deltek når undersøkinga kjem!

Planar det er godt og kjenne til som tilsett

Helse, miljø og tryggleiksplanar (HMT), samarbeidsplanen med vår bedriftshelseleverandør Stamina for 2019 og tiltaksplan for rekruttering og kompetanseutvikling 2019 vart lagt fram for Arbeidsmiljøutvalet 06.03.19.

Dei hovudtillitsvalte har fått høve til å uttale seg. Etter at planane er vedtekte av rådmann kan du finne dei i LKK.

NY IA- avtale!

Den nasjonale avtalen om inkluderande arbeidsliv, som Luster kommune slutta seg til ved lokal avtale, gjekk ut ved nyttår.

Tiltak som bedriftshelsetilskot, tilretteleggingstilskot m.m. fall vekk. Det er vedteke ein ny nasjonal IA-avtale som omfattar alle verksemdar. Innhald, tiltak, verkemiddel og samarbeid er enno ikkje klarlagt.

Stikkord så langt for innhaldet i ny IA-avtale er fokus på arbeidsplassen og arbeidsmiljø, reduksjon av sjukefråvær og redusert fråfall frå arbeidslivet, trepartsamarbeid og utveljing av bransjar og sektorar for prioritert oppfølging.

Bedriftstrening for alle tilsette i

Luster kommune:

Treninga føregår på Luster treningssenter og er ein kombinasjon av spinning og styrke. Treninga er med instruktør. Du melder deg på via Luster trening si side.

Fram til påske er det to moglege treningstider:
Tysdagar 15.30 -16.45 og torsdagar 16.30-17.45.


Treningane blir avslutta til påske, men me håpar å starte opp att etter haustferien.

Treninga er del av vårt førebyggjande helse og miljøarbeid. Rådmann håpar mange set pris på og nyttar treningstilbodet.


KOMPETANSE/REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



KommuneKari:



Me er i gang med arbeid og planlegging for innføring av KommuneKari. Denne virtuelle roboten skal gjere kommunen meir effektiv. Kommune-Kari skal forstå dialekt, stavefeil og kan svare på alt av spørsmål.

Eksempel på kva Kari kan svare på er til dømes; Når kjem bos bilen og tømmer den brune bosdunken? Kan eg byggje bod i hagen? Kvar er det ledig barnehageplass? Er det ledige stillingar i Luster kommune? Dette er nokre av spørsmåla vår nye virtuelle robot kan gje svar på.

Målet er å knytte kommunen og innbyggjarane enda tettare saman. KommuneKari skal gje tilgang til informasjon utan at du ringjer, sender epost eller må søkje opp informasjonen sjølv.

Det er ikkje mange månadene før roboten vert lansert. Me held på med testing og Kari blir etter planen innført i slutten av mai. Kari-roboten vil endre måten for kommunen å snakke med innbyggjarane på.

KommuneKari er ikkje ein fysisk robot, men eit dataprogram som skal hjelpe oss å gjere oppgåver som tilsette gjer i dag. Slik kan me bruke mindre tid på repeterande oppgåver og meir tid på dei vanskelege tinga. Kari blir aldri lei av å svare på spørsmål frå deg om kommunens tenester, søknadsfrister eller kontaktinformasjon. Ho jobbar 24 timar i døgnet og syter for at kommunen alltid er tilgjengeleg for sine innbyggjarar.

Vernetenesta:

Nye verneombod:

Hilde Boksasp Lerum er nytt verneombod hjå Skjolden oppvekstsenter

Gunvor Kjos-Wenjum er nytt verneombod på rådhuset, helsesenteret og biblioteket avdeling Gaupne.

Vernerundekurs:

Den 12.03.19 er det ettermiddagskurs i kommunestyresalen med tema praktisk gjennomføring av vernerunde for verneombod og einingsleiarar.

Grunnopplæring helse, miljø og tryggleik – 40 timars kurs.

Det blir kurs i regi av Stamina i slutten av april. Fleire verneombod og leiarar frå Luster kommune skal delta.

Ny leiar på Grandmo busenter.



Rune Helle starta som leiar for Grandmo Busenter 01.02.19.

Rune er oppvaksen i Askvoll, men har budd med familien sin i Sogndal i mange år. Han er utdanna barnehagelærer og har tilleggstudanning i leing.

Tidlegare har han jobba som barnehagelærer -og styrar i Askvoll kommune. Deretter som styrar i Furuli barnehage, Kaupanger. Rune er godt kjend i Luster, han var førskulelærer og styrar i Gamlestova barnehage i over 14 år, fram til 2013.

Dei siste 6 åra har Rune jobba i Melås Helse/Meistrings og læringscenteret i Luster. Han jobba der med brukarar med spesielle diagnoser som var i tilpassa butiltak.

Dei siste åra jobba Rune administrativt. Han sakna etter kvart kontakten med brukarar og personale. Då leiarjobben på Grandmo busenter vart lyst ut søkte han difor på den.

På fritida står skiaktivitetar i ulike former høgt i tillegg til oppfølging av aktivitetane til dei to barna på 16 og 13 år.

Heider for lang kommunal teneste i Luster kommune

Luster kommune hadde 14. februar ei markering for tilsette som har vore tilsett i 25 år og 40 år.

Rådmannen og ordførar gav rosande ord og takka for lang og tru teneste og overrakte blomar og bilete måla av lokale kunstnarar med motiv frå ulike stadar i kommunen. Desse var til stades på markeringa:



Framste rekke frå venstre:

Elin Anette Hillstad, Anne Grete Lomheim, Milly Kriens Velthuijs, Grete Marie Skårhaug Solvi, Asborg Leirdal Kjærvik, Olaug Kristine Ølnes, Tone Kjærvik Kveane.

Bakerste rekke frå venstre:

Ordførar Ivar Kvalen, Beate Yttri, Anne Margrete Veum, Åse Yttri, Kine Rønningen Vigdal, Aud Elin Bjørk, Britt Kristin Røneid, Elin Refsdal Sørhoel, Hilde Kristoffersen og rådmann Jarle Skartun

Desse har og vore tilsett i 25 år: Nelly Oddveig Fuglesteg og Mona Elin Solstad Vik (ikkje til stades)

Desse har vore tilsett i 40 år: Mai Ingvild Navarsete og Ragna Aud Leirimo (ikkje til stades)

Årshjulstiltak 2019:



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering

Komande tiltak:

- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Medarbeidersamtalar
- Medarbeidarundersøking
- Brukarundersøking skule
- Brukarundersøking omsorg
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Tertialrapport T2
- Introduksjonsseminar
- Budsjett og økonomiplan
- Årsrapportering

Nye opningstider på Rådhuset:

Opningstid og telefontid på rådhuset blir endra til:
Måndag, tysdag, onsdag og fredag kl. 09.00 – 15.00
Torsdag kl. 08.00 – 15.30

